



DET KONGELIGE BARNE-, LIKESTILLINGS-
OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

Rundskriv

Nr.
Q – 7/2011

Vår ref
201006301-/MOSS

Dato
15.12.2010

Retningslinjer for tilskot til samlivstiltak 2011

1. MÅLSETJINGA MED TILSKOTSORDNINGA

Tilskot til samlivstiltak er løyvd over kap. 0841 på statsbudsjettet.

Den overordna målsettinga med tilskota er å stø opp om samlivet i parforhold. Midlane skal brukast til å styrkje samlivsforhold med sikte på å skape gode relasjonar og førebyggje familie- og samlivssoppløysing. Tiltak som kan styrkje samlivet kan vere viktige i eit samla førebyggjande familie- og samlivsarbeid. Ei viktig målsetjing er å skape ein trygg og stabil oppvekst for barna.

Tilskotsordninga er oppretta med sikte på eit breitt spekter av søkjarar. Barne- likestillings- og inkluderingsdepartementet ynskjer å oppretthalde engasjementet hjå dei som arbeider på dette området. I ei tid med eit utvida familieomgrep og auka grad av ”nye” familie- og samlivsformer bør tilskotsordninga òg kunne nyttast til nye målgrupper og utvikling av nye metodar og tiltak for t.d. likekjønna par, framandkulturelle par, eksparntarar med felles barn, m.v.

I marknadsføring og gjennomføring av alle type samlivskurs er det naudsynt å leggje særleg vekt på at kursa skal appellere til både menn og kvinner, og at begge kjønn skal ha nytte av kursa.

Midlane frå tilskotsordninga skal nyttast til to type tiltak:

- 1) lokale samlivskurs/samlingar for par, og
- 2) utviklingstiltak i samlivsarbeidet.

Tiltak som primært fell inn under andre statlege stønadsordningar, t.d. midlar til samlivsrettleiing til foreldre med funksjonshemma barn eller tilbod om gratis samlivskurs for fyrstegongs foreldre, vil ikkje verte prioriterte her. Det same gjeld for tiltak som i hovudsak dreier seg om foreldrerettleiing og oppsedings spørsmål.

Midla skal nyttast på ein høveleg og økonomisk fornuftig måte, slik at dei kjem flest moglege brukarar til gode. Det er difor viktig at dei administrative utgiftene til kursa vert haldne på eit lågt nivå.

Tilskot til kursopplegg til par som har barn skal prioriterast.

2. LOKALE SAMLIVSTILTAK

2.1 Nærare om målsetjing og innhald

Samlivskursa har eit førebyggjande siktemål, og skal ikkje ha karakter av behandling. Målsetjinga er å utvikle og halde vedlike eit godt samliv i parforhold, både for ektepar og sambuarar, og slik stø opp om ein varig og stabil familiesituasjon. Kursa må ta opp det ein kan kalle "vanlege" problem i parforhold. Tiltak retta mot meir alvorlege problem eller kriser vert ikkje støtta av ordninga. Dette høyrer inn under andre instansar, t.d. familievernkontor og krisesentra.

Det er ei målsetjing at samlivskursa er av høg kvalitet, at dei vert haldne av kvalifiserte kursleiarar og at kursa vert tilpassa flest moglege brukargrupper.

2.2 Kven kan søkje

Frivillige organisasjonar og andre som har som målsetjing å stø opp om og styrkje familie og parforhold, kan søkje om midlar til samlivskurs. "Frivillige organisasjonar" kan vera humanitære og religiøse organisasjonar, organisasjonar innan helse- og sosialsektoren, kyrkjelydar, o.a. Kommunar, familievernkontor og liknande institusjonar som vil ta opp samliv som tema kan søkje, gjerne i samarbeid med frivillige organisasjonar.

For å nytte ressursane best moglege og for å opprette nettverk i lokalmiljøet, vil søkjarar som samarbeider lokalt verta prioriterte.

Det vert ikkje gjeve midlar til privatpersonar eller tiltak som er drivne på forretningsmessig basis.

2.3 Opplysningar i søknaden

Målsetjinga for kurset må gå klart fram av søknaden. Detaljert kursprogram skal leggjast ved. Programmet må vise innhaldet i effektiv kurstid og pausar. Søknaden må gje opplysningar om kva for kurskonsept som skal nyttast, målgruppe, kursleiar/kurshaldar og tidspunkt for kurset. Om kurskonseptet som skal nyttast er nytt eller ukjent, må søkjar gjere greie for innhald og kva for teoriar/metodar det byggjer på. Planlagde utgifter og inntekter må gå fram av eit eige budsjett.

2.4 Bruk av midlane og rapportering

Tilskotet kan brukast til å dekkje administrative utgifter som honorar, reise og opphaldsutgifter til kursleiarar, innkjøp av kursmateriell, annonsering og leige av lokale. Midlane kan ikkje brukast til godtgjersle eller tilskot til kursdeltakarane sine utgifter til samlivskurs (reise, opphald, servering, gåver, utgifter til barnepass e.l.). Slike utgifter må

dekkjast anten av søkjaren/arrangøren eller av kursdeltakarane sjølve. Det er eit mål at deltakarane sin private økonomi ikkje skal utelukke mindre haldne grupper frå å delta på kursa. Arrangøren skal difor velje kursstad som ikkje inneber store utgifter til reise og opphald, sidan dette er utgifter som tilskota ikkje dekker.

Nærare opplysningar om disponering av midlane og rapportering frå tiltaket vert gjeve i brev med melding om tildeling av tilskot. I rapporteringa skal det leggjast ved ei utgreiing om brukarane sin evaluering av tiltaket.

3. UTVIKLINGSTILTAK

3.1 Nærare om målsetjing og innhald

Målsetjinga med utviklingsarbeidet er å styrkje den faglege kvaliteten på samlivskursa og auke kunnskapen om gode samlivstiltak. Dessutan vil det vere ønskjeleg å utvikle samlivstiltak retta mot andre grupper enn dei tradisjonelle målgruppene, jf. pkt. 1. Tiltak som tek sikte på å få til ei god organisering/spreiing av tilbodet, og som kan medverke til at samlivstiltak vert ein integrert og etablert del av det lokale førebyggjande familiearbeidet, vil verte prioriterte. Likeins vil utvikling av kurs til nye målgrupper, og utvikling av nye metodar og tiltak verte prioriterte, jf. pkt. 1. Prosjekta kan dreie seg om ulike sider av samlivsarbeidet, som t.d. skoloring av kurshaldarar, utvikling av program/materiell for samlivskurs, organisering og samarbeid om samlivstiltak lokalt o.a.

3.2 Kven kan søkje

Organisasjonar og institusjonar med kompetanse på samlivsarbeid og utviklingsarbeid kan søkje om midlar til utviklingsprosjekt.

3.3 Opplysningar i søknaden, bruk av midlane og rapportering

Prosjektsøknader må gjere grundig greie for bakgrunnen for og målsetjinga med prosjektet, metoden, gjennomføringa og kva ein ventar som resultat. Søknaden må vidare innehalde budsjett og framdriftsplan for tiltaket. Krav til opplysningar i søknaden, og til bruken av midlane, er dei same som ved lokale kurstiltak (jf. 2.3 og 2.4).

Prosjekta må gje ny kunnskap/røynsle på samlivsfeltet. Resultata av utviklingsarbeidet må ha overføringsverdi, slik at dei kan medverka til fagleg og/eller organisatorisk utvikling av samlivsarbeidet. Ved prosjektslutt skal det lagast ein kort, skriftleg rapport om resultata.

Dei som søker om midlar til både lokale samlivskurs og til utviklingstiltak, må sende separate søknader til dei to formåla. Alle søknader sendast til Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir.)

4. VEDTAK/KLAGE

Bufdir sine vedtak etter pkt. 2 og 3 skjer etter ei heilskapleg og skjønsmessig vurdering. Vedtaket er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova, og kan påklagast innan dei fristar som følgjer av forvaltningslova (tre veker). Klaga sendast til Bufdir, som førebur klaga for Barne- likestillings- og inkluderingsdepartementet. Barne- likestillings- og inkluderingsdepartementet avgjer klaga.